



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

## Tilbakemelding etter møte og nye dokument Detaljregulering område BKB3 - Volda 19/10 m.fl.

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

I brev av 24.09.2020 blei det lagt fram detaljreguleringsplan for område BKB3 i Volda kommune til offentlig ettersyn. Vi ga vårt innspel til planarbeidet i brev av 13.11.2020, der vi fremja motsegn mot planen. Statens vegvesen fremja også motsegn. I etterkant har vi mottatt nye dokument som gjeld støyutgreiing, og plandokumenta er også justerte og redigerte. Det har også vore halde dialogmøte mellom kommune, forslagsstillar, plankonsulent, Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune og statsforvaltaren. Det ligg føre referat frå dette møtet.

### Utbyggingsstrategi

I framlegget til nye kommunedelplan for gamle Volda kommune, ligg området innanfor midtre sentrumssone. Etter føresegnene er det sett ei øvre grense på totalt 6000 m2 bruksareal for detaljhandel i midtre sentrumssone. Vi legg til grunn at utvikling av BKB3 som detaljreguleringa vil innebere er i samsvar med dei rammene som kommunen sjølv legg opp til for midtre sentrumssone. Vi viser elles til vårt brev av 13.11.2020.

### Planfagleg/krav til plandokument/støy

Etter det vi forstår, har ein no bestemt seg for at planprosjektet inneber to byggetrinn. Byggetrinn éin gjeld sørleg del av planområdet, med bygging av to bustadblokker med tilhøyrande uteareal, leikeplassar m.v. Det er uvisst kor lenge det går mellom byggetrinn éin og byggetrinn to, då trinn to først kan setjast i verk når Voldatunnelen og veganlegget rundt er ferdigstila.

Innanfor eit planområde med så krevjande støyforhold, må det stillast høge krav til spesifisering og detaljering for at støyforholda skal vere tilstrekkeleg sikra. Bustadane/uteopphaldsarealet som

høyrrer til første byggetrinn vil måtte ha anna/midlertidig støyskjerming. Støyfagleg utgreiing må supplerast og syne at ein klarar å oppnå at *alle* bueningar i dei ulike etasjane, uteopphaldsareal og leikeplassar får tilstrekkeleg gode støytilhøve. Det må også gå tydeleg fram kva tiltak som skal til for at dette blir oppnådd. Desse tiltaka, og krava til bygningane skal vere tydeleg spesifisert i føresegnene. Planomtalen må oppdaterast på dette området.

Byggetrinn to ligg enda nærare støykjeldene og er såleis enda meir støyutsett. Planframlegget har hatt forslag om å løyse støyutfordringane for fleire bueningar med innglassa balkong. Innglassing er ikkje ei akseptert løysing i dette området. Planframlegget må justerast, og støyutgreiinga må vise konkret korleis ein kan oppnå akseptable støynivå på privat uteopphaldsareal utan innglassa balkong. Løysingane må forankrast i føresegnene.

Når det gjeld kvartalsleikeplassen sør i planområdet, som blir på andre sida av midlertidig omkøyringsveg i den perioden ny rundkøyring/Voldatunnelen blir etablert, så må det gjennom føresegner sikrast at dette ikkje medfører stor risiko for ulykker.

Vi vil også minne om at T-1442 er under revidering, og det bør difor ikkje visast til tabellnummer etc. Det beste er å vise konkret til krava til støynivå.

### Konklusjon

Før vi kan trekke vår motsegn må planframlegget reviderast, støyutgreiinga syne at støykrava kan innfriast for alle bueningar, vise konkret korleis dette skal gjerast, og dette må gå tydeleg fram av føresegner og plankart.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 2500

2605

6404

LILLEHAMMER

MOLDE